

## Månadsplan for APRIL på Springar

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
<b>8</b> Ei gruppe på Mellomrommet  <b>Ei gruppe på tur</b>	<b>9</b> Den hemmelege klubben <b>Superhelt gruppe</b>	<b>10</b> Ei gruppe på tur	<b>11</b> Besøk til Sandane skule	<b>12</b> Kropp og Hopp 
<b>15</b> Henry- førstehjelp (Superheltane og Den hemmelege klubben)	<b>16</b> Den hemmelege klubben <b>Superheltane ilag med B og A barnehage</b>	<b>17</b> Ei gruppe på tur	<b>18</b> <b>Ei gruppe på tur</b>	<b>19</b> Kropp og Hopp 
<b>22</b> <b>Bursdag</b> 	<b>23</b> <b>Bursdag</b> 	<b>24</b> Ei gruppe på tur	<b>25</b> Besøk til Nordstranda skule	<b>26</b> <b>Bursdagx2</b> 
<b>29</b> Ei gruppe på Mellomrommet  <b>Ei gruppe på tur</b>	<b>30</b> Den hemmelege klubben <b>Superheltane ilag med B og A barnehage</b>	<b>1. MAI</b> <b>Barnehagen er stengd</b>	<b>2.</b> <b>Ei gruppe på tur</b>	<b>3.</b> Kropp og Hopp 

« Ein skapande musisk møteplass »

Temaet i mars har vore «nytt liv». Vi har hatt forteljingar, songar og aktivitetar knytt opp imot dette teamet. Vi har brukt tid på å lage ulik påskepynt og barna har stått for dei fleste ideane og har fått spelerom til å planlegge og gjennomføre det dei har lyst å lage. Ulike kyllingar og påskeegg har blitt skapt av ulike materiale og ulik størrelse. Vi føler oss godt med på forandringane som skjer i naturen når vi går frå vinter til vår. Vi undra oss kva som skjer når snøen smeltar når sola varmar, naturen som spirar og dyrelivet vaknar. Vi lyttar til fuglane, ser på det som spirar og gror, og kjenner på varmen som sola gjev oss. Dette er vårteikn og vi tek imot alt det som dukkar opp no med opne armar- vi er klar for våren. Rammeplanen seier blant anna «*Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og opphalde seg i naturen til ulike årstider*».

Med bar bakke og den løpebana som vi har, har vi moglegheit for ein del sykling. Mange har med seg syklane sine og det er flott! I syklinga mellom barna skapar det leik, kommunikasjon, samarbeid, fellesskap og glede. Barna er flinke å dele med kvarandre og å ta vare på syklane ved å mellomanna setje dei på plass når ein er ferdig å sykle- noko som er eit fokus vi set veldig høgt. Fortsett med å ta med syklar utover våren- her er det mykje læring og glede!

For Superheltane vil det skje litt framover no knytt opp mot skulestart. Vi har starta med nokre treffpunkt annakvar tysdag ilag med Austrheim og Bakkeliid barnehage. Vi ser at barna blandar seg sakte, men sikkert, og at dei begynner å kjenne nokre namn så vi ser at desse treffa er nyttige og gode for alle 😊

Vidare i april håpar vi på eit rikt uteliv med alt som veks og gror rundt oss, lam som hoppar og sprett og endå meir fugle og hoggormliv 😊